



Omvising: Stortingskandidat Leif Sande (t.v.) fekk følga marknadssjef Dag Rune Lid gjennom produksjonshallen for å sjå korleis Dalen-produkta vert til.

Held aksjane tett til brystet

Eigarane til Lid jarnindustri legg vekt på lokal eigarskap og produksjon.

EIRIK DYRØY LOTSBERG

lotsberg@hf.no

Det fortalte marknadssjef Dag Rune Lid då bedrifta fekk politikarbesøk tysdag 13. juni.

Leif Sande, 5.-kandidat på stortingslista til Hordaland Ap, var på besøk hos fleire private bedrifter i Kvam. Han hadde med seg Dag Rune Mo, leiar i LO i Kvam, og politisk rådgjevar Karina Asbjørnsen. Eitt av stoppa var hos landbruksmaskinprodusenten.

Lid presenterte historia til bedrifta, frå ho starta i ei tyskarbrakte i 1948 til i dag. I 2015 selde bedrifta traktorutstyr for 75 millionar kroner.

Lokal eigarskap

Berre dei i Lid-familien kan eiga A-aksjar i selskapet. Kven som helst kan kjøpa B-aksjar, men dei får ikkje stemmerett i samband med anna enn vedtektsendringar.

– Det er viktig for oss å halda eigarskapen lokal, mellom anna for å sørge for kontinuitet i drifta og å ha nærliek til marknaden. Me har hatt press på oss om å flytta produksjonen til Aust-Europa, der det er billegare arbeidskraft, men me meiner det er mogleg å overleva i Noreg. Viss berre kapital

styrer, kan ein mista arbeidsplassar med eit pennestrok, seier Dag Rune Lid.

Sosialt medvitne

Heile prosessen frå idé til ferdig produkt finn stad i lokala i Steinsdalen. For å konkurrera med selskap som har 30–40 prosent billegare produksjon i utlandet, må Lid jarnindustri ha ein særleg effektiv og rasjonell produksjon og arbeida med å bygga merkevara *Dalen*.

Merkevarebygging gjer verksmeda mellom anna gjennom Facebook og Youtube, der ho legg ut videosnuttar av produkta. I skrivande stund har Lid jarnindustri over 318.000 visningar på Youtube. Den mest populære videoen er sett over 93.000 gongar.

– Me har videoer av alle produkta me lagar, slik at kundane kan gjera seg kjende med dei. Folk kjem på utstillingar og har gjerne sett ein video ti gongar før dei bestemmer seg for å kjøpa, seier Lid.

Dei fleste Dalen-produkta vert selde gjennom Eiksenteret. Bedrifta har einesalsavtalar med sentret om ein del av produkta.

Ufوردande skatt

Leif Sande seier han er imponert over bedrifta. Kandidaten ligg på vippen til å hamna på Stortinget til hausten. I dag har Hordaland Ap fire representantar.

Dagleg leiar i Lid jarnindustri, Svein Ove Lid, nyttar politikarvitsitten til å ta opp formuesskatten. Han seier eigarane må ta utbyte frå bedrifta for å betala skatten, noko som bremsar investeringar og vekst.

Sande seier til HF at han forstår utfordringane med skatten.

– Ap vil ikkje fjerna formuesskatten, men me vil sjå på andre måtar å bidra til at den typen eigarar får det lettare. Til dømes har me kjempa for å utvida høvet til permittering.

– *Er ikkje formuesskatten meint for å råka dei rikaste, og ikkje små bedrifter som denne?*

– Jo, men førebels har me ikkje funne eit betre system som hindrar at rikfolk kan komma seg heilt unna å betala.



Sveising: All produksjon av Dalen-produkt går føre seg i Steinsdalen.